

# Siggjo



Siggjo frå sør. (Svein Nord)

## «VULKANEN» PÅ BØMLO

**SIGGJO** er ein kjegleforma, vulkanliknande fjelltopp i den delen av Hordaland der ein har mest og best bevarte lavabergartar. Bergartane stammar frå ein eller fleire svære vulkanar som spydde ut glødande lava og oske. Men forma på fjellet, slik det står fram i dag, er danna av heilt andre og seinare krefter.

### FAGERROGN

Fagerrogn er sjeldsynt i Noreg, men finst rikeleg nokre stader i Sunnhordland. Ho er spesielt vanleg på MOSTER. Fleire ulike typar fagerrogn er kjende, endåtil artar som ikkje er kjende utanfor Noreg.

Fagerrogn liknar vanleg rogn, men småblada eller finnane på bladet skil dei. Medan alle finnane på eit vanleg rogneblad er smale og like store, er ende-**finnen** hos fagerrogn trekanta og tydeleg større. Blomar og frukter er òg større, og fruktene smakar mindre beiskt. Fagerrogn blir vanlegvis eit velforma tre.

På Stord og Bømlo og i Sveio finst det to typar fagerrogn med raude pollenknappar. Ein annan type har gule knappar, til liks med vanleg rogn. På Huglo, Storsøya og langs sørsida av Tysnes til Ånuglo er den såkalla fægrirogn eine-rådande. Ho blir større, har store blomar med kremgule pollenknappar og kan få store frukter. Mykje tyder på at dei ulike typane av fagerrogn har oppstått ved kryssningar mellom artane. (Foto: Bjørn Moe)



**S**iggjo hevar seg vel 400 meter over den jamne strandflata. Det er eit av dei mest markerte fjella i Sunnhordland og eit kjent sjømerke. Hanseatane i seglas mot Bergen visste at dei var på rett veg når Siggjo dukka opp i horisonten.

Grunnen til at det står att eit fjell på strandflata nettopp her, er at dei sure vulkanske laga som geologane kallar ryolitt, er hardare og forvitrar mykje seinare enn bergartane omkring. Gjennom millionar av år er landskapet rundt Siggjo tært ned ved erosjon av elvar og seinare av isbrear, medan fjelltoppen står att.

Dei siste vulkanutbrota på Bømlo gjekk føre seg for 470 millionar år sidan. Då var det eit


Moster er eit område der det framleis veks mange beitemarksoppar – oppar som no er borte mange stader i fylket. Den vakre raude bonningvoks-soppen er ein av dei. Soppen er så sjeldsynt at han står på lista over truga over lista over raudlista.


(Jan Rabben)



dramatisk landskap her, kanskje lik vulkanrekkjene langs vestkysten av Amerika. Noko av lavaen var surare og seigare enn den som hadde dominert Bømlo 20–30 millionar år tidlegare, og som vi finn mellom anna på Finnås (①269). Den sure lavaen bygde opp høge vulkanar, og det kom ofte vulkanske eksplosjonar, der både fast og flytande lava vart slengd mange kilometer opp i lufta. Nokre av fragmenta var framleis seige og glødande når dei treffe bakken som fleire centimeter store klumpar. Fjell som har vorte til på dette viset, kan vi finna på Siggjo.

Ryolittlavaen i dette området vart broten til reiskapsbruk i steinalderen (①42). Mellom anna var steinen brukt til pilspissar og knivar. Til øksar eigna den basaltiske lavaen på Hespriholmen seg betre (KVH s.203). Ein brotstad er lokalisert på nordvestsida av Siggjo, der berget vart brote med eld og vatn (fyrsetjing).

 Toppen kan nåast frå fleire kantar. Ved riksvegen på austsida av Siggjo er det parkeringsplass og god stig om lag ein kilometer sør for Siggjarvåg.



## KANADAGÅS – IMPORT MED BISMAK

Norske jegerar ynskte seg eit ekstra stort og velsmakande bytte. Derfor vart den amerikanske kanadagåsa innført til Noreg i 1960-åra (①180).

I Hordaland vart kanadagås først sett ut ved ERSLANDSVATNET på Bømlo i 1972, dit ti ungar vart benta frå Sverige. Ti år seinare var bestanden i fylket kanskje 100 individ. Etter endå nokre år skaut bestandsveksten verkeleg fart. Det bar på ingen måte stoppa opp, for kanadagåsa er ikkje noko lett bytte.

I dag bekkar fuglen fleire stader på Bømlo og også elles i Hordaland. Kring 2000 rekna ein med at det fanst mellom 30 000 og 40 000 kanadagjæser i Noreg. Det er fleire enn i dag, men auken er ikkje problemfri. Kanadagåsa er stor og tung, ei vaksen gås veg mellom 5 og 7 kilo, og plattfota som ho er, blir ho ofte skulda for å trampe avlingane flate. Som vegetarianar treng ho òg mykje mat, og store mengder gâseskit er lite velsett på dyrka mark, i parkar og på badeplassar. (Foto: Ingvar Grastveit)

